



Kim Robert Fureli
Gravdalslien 31
5165 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/183 - 19/3063

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
30.01.2019

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 233/177

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 233/177
Tiltakshavar: Kim Robert Fureli
Ansvarleg søkjar: Seim Bolig AS

Delegasjonssak nr.: 072/19

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for ei ny bustadeining, datert 17. januar 2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø i starten av Heltveitvegen på Indre Eide i Lindås kommune. Avkøyrslø vert i dag nytta av ein einebustad.

Vurdering/drøfting:

Vedlagt saka fylgjer situasjonsplan som syner utnyttelsesgraden av tomta.

Det ligg og ved eige kart som syner siktlinjer teikna inn. Slik dei er skissert, syner det ikkje kor langt inn i avkøyrslø desse måla er tatt. Krava er at sikt skal oppretthaldast 4m inn frå kant offentleg veg og Xm ut til kvar side avhengig av fartsgrensa på staden. Vedlagt skisse syner at måla på innsendt skisse stemmer med sikt er målt 4m inn frå vegkant.

Minstekravet til sikt er 4x20m for veg med fartsgrensa 30km/t og 4x45m for veg med fartsgrensa 50km/t. Siktkravet er sagt å skulle vere absolutt.

I Noreg er det lovverket som definerer fartsgrensene. Det er 2 generelle fartsgrenser i Noreg, 50km/t og 80km/t. Andre fartsgrenser er særskilte fartsgrenser med krav om skilting. Utanfor tettbygd strøk er det dei generelle fartsgrensene som gjeld og pr. definisjon er det 80km/t langs denne vegen.

Men, lovverket seier og at ein skal køyre etter forholda og det er det vegavdeling har lagt til grunn i denne vurderinga.



Ut frå vegbilda kan ein sjå avkjørsle og eit stykke inn vegen. Vedlegget syner kor det er sikt, frå kartmetrering Kv1118 hp1 m62 til avkjørsle som ligg på Kv1118 hp1 m30.

Eksisterande avkjørsle har sikt som ligg mellom dei 2 krava på 4x20m og 4x45m. Vurdering av forholda på staden og at ein ved å følgje prinsippet om at ein skal køyre etter forholda, vurderer vegavdelinga at 4x30m er innanfor. Som ein føresetnad vil krava til sikt måtte haldast vedlike ved at vegetasjon må haldast nede og det må ikkje plasserast hindringar høgare enn maksimum 0,5m i siktsonene.

Samandrag/konklusjon:

Utvida bruk av avkjørsle for gbnr 233/177 kan tillatast ved at gitte krav i vilkåret vert fulgt.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100 og veiledande vegnorm for Lindås kommune. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg til avkøyringsløyve

Mottakarar:

Kim Robert Fureli	Gravdalslien 31	5165	LAKSEVÅG
Martine Cecilie Holmen Fureli	Gravdalslien 31	5165	LAKSEVÅG
Seim Bolig AS	Fureberget 29A	5912	SEIM